



Austrheim
KOMMUNE

Kommunepsykolog

- lagspelar og raus med erfaring
og kompetanse

Søk på stillinga

Søknadsfrist: **04.06.2023**

Arbeidsgivar: **Austrheim kommune**

Stad: **Austrheim**

Stillingstittel: **Kommunepsykolog**

Webcruiter-ID: **4662936472**

Sosial deling :

Stillingar: **1**

Heiltid / Deltid: **Heiltid**

Tilsettjingsfor... **Fast**

Stillingsprose... **100**

Austrheim kommune er på leit etter deg som vil bruka eigen erfaring og kompetanse til å skapa ein betre kommune saman med andre. Ein samhandlingsaktør som ser seg som ein del av ein heilskap, og som er opptatt av utvikling og kvalitet på tenesta.

Gjerne med erfaring frå spesialisthelsetenesta, og klar for å landa i kommunehelsetenesta med eit anna handlingsrom. Der folk leve og bur, og der endringar kan skje på kort tid om vi klarer komma tidleg inn og saman klarer gode prioriteringar.

Om stillinga:

Austrheim kommune og Fedje kommune har i fleire år hatt eit vertskommunesamarbeid om kommunepsykolog. Stillinga er organisert under psykisk helse og rus, helseeininga i Austrheim kommune.

Det er dialog mellom kommunane Masfjorden, Gulen, Austrheim, Fedje og Modalen om eit utvida samarbeid kring psykologtenesta. Eit større fagfellesskap er ein viktig faktor, samt at ein får tilrettelagt for fagleg rettleiing.

Alle kommunane i Region Nordhordland er medeigar i Helsehuset i Knarvik, der det pågår eit samarbeid for eit breitt og fagleg fellesskap gjennom ei felles satsing på Fag- og tenesteutvikling, ute i kommunane og i dei tilrettelagte møtearenaene i Helsehuset. I samarbeid med andre kommunar i regionen og spesialisthelsetenesta er det starta eit arbeid med utvikling av ein modell for kommunepsykologar i spesialisering (KOMPIS).

Arbeidsoppgåver:

- Arbeid med menneske i alle aldrar og i ulike livssituasjonar, med barn og unge som hovedprioritet
- Klinisk arbeid
- Arbeid i team
- Støtte og veiledning til andre fagpersonar, samt deltaking i utviklingsarbeid for samhandling og samarbeid mellom tenester
- Delta i helsefremjande og førebyggjande arbeid

Kvalifikasjonar

- Offentleg norsk autorisasjon som psykolog, gjerne med spesialisering.
- Det vil vera ein fordel med relevant klinisk erfaring
- Det vil vera ein fordel med erfaring eller særskilt interesse for arbeid med barn og unge
- Erfaring med tverrfagleg samarbeid og veiledning
- Gode munnlege og skriftlege norskunnskapar
- Førarkort klasse B

Personlege eigenskapar

- Evne til å sjå heilskap og samanhengar
- Evne til å jobbe målretta og sjølvstendig, samt trivest med å jobbe i eit fleirfagleg team
- Gode samarbeidsevner og kommunikasjonsevner
- Initiativrik med fokus på utvikling av tenesta
- Være fagleg trygg og ha evne til å reflektere rundt ein psykolog si rolle i en kommunal kontekst
- Fleksibel, nysgjerrig og evne til å jobbe kreativt
- Fagleg engasjert, strukturert og har god arbeidskapasitet

Personlege eigenskapar vert vektlagt

Vi tilbyr

- Arbeidsvilkår etter gjeldande lovar, regler og avtaleverk
- Løn etter avtale
- Veiledning i gruppe
- God pensjonsordning, KLP
- Austrheim-modellen- ein modell for rekruttering
- Mogelijkheit for spesialisering

Sætremarka 2, 5943 Austrheim, Norge



[📍 Opne vegbeskriving ↗](#)

Sætremarka 2
5943 Austrheim
Norge
[📍 Opne vegbeskriving](#)

Kontaktinformasjon



Kristine Fanebust

Fagleiar psykisk helse og rus

📞 +4790090954

✉ kristine.fanebust@austrheim.kommun
e.no



Grethe Korsøen

Einingsleiar helse

📞 +4747460982

✉ grethe.korsoen@austrheim.kommun
e.no

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industriebygda Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidskommunen til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!



[Bruksvilkår](#) [Tilgjengeleghetsdeklarasjon for Webcruiter](#)